

Til skulane som deltek i prosjektet folkehelse og nærmiljøkvalitetar. Informasjon om søknad og tildeling av midlar.

Gjennomføring av dei første møta med dei deltagande skulane/SHO-ane viser at informasjon gjeve i informasjonsbrevet som blei sendt ut den 16 01 14 er litt upresist. Vi vil med dette presisere følgjande:

a) Om prosjektsøknaden

- **Kort søknad:** Her skriv de kort om kva de søker midlar til og kva målet med prosjektet er. Søknaden må også innehalde eit budsjett med kostnadsoverslag og grad av eigenfinansiering (økonomiske midlar og ressursbruk) . De legg ved ferdig prosjektplanen (dette er den som den de allereie arbeider med).

- **Frist for sende inn søknad er 24. mars 2014.** Vi vil tildele midlar innan 03 04 14.

- **Send søknad til:** Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no

b) Om tildeling av midlar

- **Rammer:** Totalt har vi fått tildelt kr 518 000 frå Helsedirektoratet til tiltak som skal fordelast i alle SFO-ane. Sidan prosjekta er litt ulike med omsyn vil vi fordele midlar utifrå dei kriteria som står i brevet den 16 01 14.

- a. Tydelige tiltak og vurdering av måloppnåing.
- b. Grad av medverknad og deltaking.
- c. Refleksjon rundt effekt/funksjon av tiltaket som nærmiljøtiltak.
- d. Prosjektet bør ha overføringsverdi til andre.

c) Om tilskot til universell utforming

- I brev av 16 01 14 står *det at det er mulighet til å søke om inntil kr 125 000 til planlegging av et slikt uteområde*. Vi ser i etterkant at denne formuleringa er misvisande. Vi har totalt kr 125 000 som vi kan bruke til to-tre prosjekt for å universell utforming i nokre av skulane. Midlane skal gå til planlegging. Dei andre midlane sjå punkt b. som er gjeve frå Helsedirektoratet kan gå til dømes utforming av uteområde. Dette er midlar som ikkje er ein del av nærmiljøprosjektet, men som er ein del av innsatsen knytt til K1 Handlingsprogram for universell utforming i kommunar og fylker. Interesserte skular må kontakte Else-Marie.Aaro@hfk.no tlf. 55 37 80 29.

d) Nye kontaktpersonar frå Hordaland fylkeskommune

- **Nye kontakt personar frå Hordaland fylkeskommune er:** Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no; tlf. 55 37 80 14, og Else-marie.aaro@hfk.no; tlf. 55 37 80 29

Vi vonar dette bidreg til oppklaring.

Venleg helsing

Matti Torgersen
Utviklingssjef/Stedfortredar for direktør
Regionalavdelinga | Utviklingsseksjonen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 92 78 | Mob: 922 24 656
www.hordaland.no